

STRYN KOMMUNE
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 10/01938-283

28.11.2025

Ark.: 326.12

Vedtak i namnesak 2024/205 – Gutdal/Gutdalen/Guddal – Stryn kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Stryn kommune:

- **Guddal** (gard 14)
- **Flinta** (fjell i dagen)
- **Lida** (li)
- **Løypeelva** (elv)
- **Myrbærskora** (hylle)
- **Treføtten** (stein)

Sjå vedlagd namneliste for å få oversyn over alle namna i saka. Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Kartverket gjorde den 13.10.2023 vedtak om skrivemåten Gutdal på gnr. 14 i Stryn kommune. Vedtaket vart ikkje påklaga innan fristen, men Stryn kommune sende eit brev til Kartverket den 12.04.2024 med vedlagde søknader frå grunneigarane om gjenopning av saka. Kartverket stetta søknaden, jf. brev av 31.05.2024, og sende saka ut til kommunen på ny høyring 11.07.2024. Kartverket nytta samstundes høvet til å ta med nokre naturnamn i utmarka til gard 120, som me hadde fått innspel om frå lokal grunneigar og kjentmann Reidar Holen. Saka vart teken opp for å få avklart og formalisert rett skrivemåte for offentleg bruk. Kommunen sende innkomne høyringssvar til Språkrådet den 10.10.2024, og Språkrådet gav tilråding i saka i eit brev dagsett 10.12.2024.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast serleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverka skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgje for skrivemåten av slektsnamn.

■ www.kartverket.no

Gutdalen/Gutdal/Gudal/Guddal (gard 14)

Opphav og uttale

Dei to eldste førekomstane av namnet i skriftlege kjelder er i *Fornmanna sögur* 7 (*Inge Haraldssons söge* frå ca. 1230), der namnet er skriva i *Gautdali* i somme handskrifter, og i *Gaurdal* i andre handskrifter. (Det rår noko uvisse hjå forskarane om namnet i denne kjelda knytter seg til Gutdalen i Oppstryn eller til Guddal i Kvinnherad.) Den andre kjelda er *Bergens kalvskinn* frå 1360, der namnet i Oppstryn er skriva j. *gaut dal*.

Norske Gaardnavne fører opp *Gautdalar* som normert gamalnorsk namneform, og fylgjande eldre skriftformer står der: *af Gautdali* (ca. 1230), *i Gautdal* BK (ca. 1360), *Guddall* (1520/1521), *Guttoll* (1522), *Gudall* (1563, 1603, 1608), *Guddal* (1667), *Guddahl* 1723. Der står fylgjande om det språkhistoriske opphavet:

«Samme Navn er Guddal i Kvinnherred, *Gautdal* B[ergens] K[alfskinn] 7 (Bd. XI S. 31), og sandsynligvis ogsaa Guddal i Tonstad og i Sogndal [i] Stav[angers amt], hvor ingen Form fra M[iddel]A[lderen] er bevaret. Navnet *Gautdalar* er i N[orske] E[lvenavne] S. 67 og i [Gamle] P[ersonnavne i norske] St[edsnavne] S. 82 forklaret af en Elvenavnstamme *Gaut-*, hørende til Verbet *gjóta*, at gyde, udgyde, og efter S[ophus] B[ugge] maaske med Betydning: «som til sine Tider strømmer over Bredderne»; begge Gaarde af dette Navn ligge ved Bække, ligesaa Guddal i Tonstad og i Sogndal [i] Stav[angers amt]. Men *Gautdalar* hører vistnok sammen med Gaardnavnet *Gautland*, som forekommer i Grue (*Gautland* [i] R[øde]B[oken] [Side] 467, nu Gotland) og vel er den opr. Form for *Gautland* i Sogndal [i] Stav[angers amt] og *Gautland* i Herred, og Forklaring af et Elvenavn *Gaut-* passer ikke ved Gotland i Grue, da denne Gaard ligger ved Glommen. Derfor er formodentlig *Gaut-* i Navne som *Gautdalar*, *Gautland* m. fl. ikke Elvenavn, men et Fællesord **gaut* f. med Betydningen «Oversvømmelse» [...] Med Hensyn til Udtalen er at mærke, at det haarde *-t* her har opslugt det flg. bløde *d-* i *-dalar*, medens i Guddal i Kvinnherred *-td-* er blevet assimileret til *-dd-* [...]»

I *Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane* 4 står fylgjande lokale segn om namnet: «På garden går det elles ei segn om at Guddal først skal vere busett av Eirik Hol og Sigurd Stokk, som rømde frå eit slag i Frøysjøen og busette seg i Oppstryn. Ein av brørne hadde ein son som heitte Gaute, og garden skal ha fått namnet sitt etter han – *Gautdal*, som seinare vart til *Guddal*.»

I bokverket *Norske Gaardnavne* står /gutaliɲ/, i dativ /-la/, oppført som uttaleform. I Fylkesarkivet si namnesamling frå 1980–90-talet står /gut'a:leɲ/ oppført. I heradsregisteret (1946) er /gu't(t)a:leɲ/, i dativ /gu'tta:leɲ/ notert som lokal uttale. I boka *Nordfjordmålet* (1930) av Lars Søreide står fylgjande om uttalen: «med andrelekks tonelag alle i bundi form: [...] Guta'lin [...]» I bygdeboka *Nordfjord fra gamle dagar til no* i utgåva frå 1932 står det fylgjande: "Bygdefolket segjer Guttalen (bundi form, og med vigti paa andre stavelsen)." Vivian Guddal, grunneigar på bruk 14/5, opplyser at dei uttalar namnet som *Guttalen*. I søknaden om gjenopning frå grunneigarane på garden står det «Visst har Guddal hatt fleire namn opp igjennom tidene, slik som så mange andre stadar har, og visstnok so seier vi "opp i Guttala" på folkemunne.» Elin Hilde skriv at ho har høyrte folk frå Gutdalen seia "oppi Guttala".

Kristian Solvang skreiv fylgjande utgreiing om namnet i avisa *Fjordingen* den 28.08.2018: «**Guddal** Gardsnamnet er i dag skriva i ubunden form, men den bundne forma *Guddalen* vert også brukt. På fylkeskartet står *Gutdal*, og O.Rygh føreslo i 1919 å skriva *Gutdalen*. Eldre uttale er /gu'talɲj/ med trykk på 2.staving. Kring 1350 er namnet skriva «*Gautdal(i)*». Ordet «*gaut*» kjem av verbet «*gjóta*» = renne, strøyme; som vi finn i mange elvenamn. O. Rygh meiner at namnet kjem av at Hjelledøla her ofte fløymer over. Sideelvane kjem frå Jostedalsbreen, og kan på sommartid føre til flaum. [...]» Solvang hadde ei liknande utgreiing i same avis den 07.04.2020, der han m.a. skriv: «**Guddal** Gardsnamnet er i dag skriva slik, men går vi litt tilbake i tid, skreiv folk der seg for *Gutdal*.»

Skrifttradisjon

Gutdalen i bokverket *Norske Gaardnavne* (1919), *Gutdalen* i 1886- og 1907-matrikkelen, *Gudal* («*Guddal overstrøket*») i 1950-matrikkelen, *Gudal* i gjeldande matrikkel, *Gutdal* i amtskart frå 1889, 1917, 1939 og

1954 og i Norge 1:50 000 frå 1973, 1995, 1996 og 2007, *Guddal* i økonomisk kartverk frå 1967 og seinare, *Gutdalen* i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåva frå 1932, *Guddal* i utgåva frå 1973, *Gutdalen* i boka Førhistoriske minne i Fjordane 15 Stryn prestegjeld (1961, s. 6 og i kartet bak i boka), *Gutdal* «vanl. skr. *Guddal*» i heradsregisteret (1946), *Guddal* i Fylkesarkivet si namnesamling, *Gutdal* i NAF veibok i utgåvene frå 1976 til 1985, *Guddal* i NAF veibok i utgåvene frå 1989 til 2024, *Guddal* i Kartbok for Vestlandet frå 2019 og tidlegare utgåver, *Guddal* i vegskilt på staden (Rolv Guddal i brev dagsett 03.09.2024: «I nesten 30 år har Statens Vegvesen skiltet til ”Guddal” fra Rv15»).

Høyringssvar

- Grunneigarane frå seks ulike bruk på gard 14 skriv i eit felles høyringssvar innsendt av Rolv Guddal at *Gutdal* ikkje er nemnt i Aalandsboka, i Oppstryn kyrkjebok eller i Norsk stadnamnleksikon. *Guddal* står derimot oppført i økonomisk kartverk frå 1960-talet, *Gudal* er nytta i eit kart frå 1773-74, og det har stått *Guddal* på vegskilt i nesten 30 år. Dei syner til at ungdomsrådet i Oppstryn har gått inn for *Guddal* og *Guddalsvegen*, og at lokalavisa Fjordingen på leiarplass har skrive at det ikkje er godt med ei namnesak som rokkar ved identiteten til innbyggjarane.
- Annette Rogne skriv at namnet må vera *Guddal*.
- Alvhild Karin Folven skriv at namnet må vera *Guddal*.
- Elin Hilde skriv at det er viktig å skrive *Gutdal* med *t* og helst i bestemt form, slik det vert uttalt lokalt, og at det då er lettare å ta vare på stadnamnet som det verdifulle kulturminnet det er. Ho meiner at med ein skrivemåte utan *t* er det fare for at uttalen òg vert utan *t*. Dersom ein ikkje er heilt sikre på kva namnet kjem av, meiner ho det er naturleg å skriva det nær dialektuttalen. Ho har lagt ved kart frå boka Førhistoriske minne i Fjordane 15 Stryn prestegjeld (1961), der *Gutdalen* er nytta som skrivemåte.

Av desse fire høyringssvara, var det berre høyringsbrevet frå seks grunneigarar som hadde underskrivarar som har *Gutdal(en)/Gu(d)dal* som bruksnamn på bruka sine, og som soleis har uttalerett i saka. Dei andre høyringssvara vert difor ikkje vektlagde, sjå meir om dette under Kartverket si vurdering nedanfor.

Tilråding

Språkrådet skriv mellom anna fylgjande i si tilråding dagsett 10.12.2024:

«I *Norske Gaardnavne* (NG) står det dette om den nedarva lokale uttalen: «Udt. *gutaliṇṇ* (med Hovedtone paa 2den Stavelse), Dat. *-la*.» Det er der elles opplyst at namnet er skrive *Gautdal* i dei eldste kjeldene. Førelekkjen i namnet kjem etter alt å dømma av eit elvenamn med rota *Gaut-*, eit namn som då heng saman med verbet *gyta* (i gammlnorsk: *gjóta*). (Sjå NG XII: 514.) Gardsnamnet må ha vore uttala med /t/ heilt frå det vart teke i bruk og fram til vår tid. I den avisartikkelen som det er synt til i svarbrev, er det teke med eit utsnitt frå eit kart som vart laga i 1773, og der er namnet skrive *Gudal*. Vedkommande som skreiv namnet slik den gongen, har venteleg hatt klårt føre seg at det er substantivet *dal* (m.) som ligg til grunn for etterlekkjen i namnet. At namnet vart uttala med /t/ (mellom første og andre vokalen) òg på 1700-talet, kan det ikkje vera tvil om. Det kan nemnast her at namnet vart skrive *Guttoll* i bokverket *Norske Regnskaber og Jordebøger* frå 1500-talet. Ein må rekna med at namnet ikkje hadde vore skrive slik om det ikkje hadde vore uttala med /t/. Når namnet trass i dette vart skrive *Gudal(l)* både i 1563, 1603, 1608 og seinare, må det vera fordi skrivarane hadde ei klår førestilling om at namnet hadde etterlekk av ordet *dal*. (Jamfør med det som står i NG om tidlegare skrivemåtar. Sjå NG XII: 514.) Uttalen med /t/ må hanga uløysleg saman med dette at opphavsforma hadde ei førstestaving som enda på *t*, og me meiner at om ein i dag skriv namnet med *-td-* mellom første og andre vokalen, er dette med å gjera det synleg at det er tale om ei opphavsform som òg hadde denne skrivemåten. Her vil det då vera tale om å nytta ein skrivemåte som er med og indikerer kva meiningsinnhald namnet har. Omsynet til meiningsinnhaldet er poengtert i § 1 både i stadnamnlova og i den tilhøyrande forskrifta. (Innleiingsvis i § 1 i lova står det: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet [...]» Den aktuelle forskriftsregelen er omtala i det neste avsnittet.)

Kva moment kan eventuelt gje forsvar for skrivemåten *Guddal*?

I tredje avsnittet i § 1 i stadnamnforskrifta står det:

I saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å velje ein skrivemåte som har vore lenge i bruk, skal det takast med i vurderinga

- a. om skrivemåten kan medverke til at meiningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram
- b. om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet
- c. kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har på namneobjektet
- d. kor stor semje det er om skrivemåten lokalt
- e. om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld.

Til punkt a

Me meiner at det er skrivemåten *Gutdal(en)* som i størst grad indikerer kva meiningsinnhald namnet har. Sjå det me har skrive om dette på side 2.

Til punkta b og c

Uttalemåten «*Guddal*» må seiast å vera påverka av den skrivemåten som det tilhøyrande familienamnet har og som er lik den gardsnamnforma som er nytta i nokre samanhengar, blant anna på eit tilvisingsskilt og på det ØK-bladet som dekkjer området. På N50-kartet 1418-4 er namnet skrive *Gutdal*. Det er denne skrivemåten som er mest i pakt med den nedarva munnlege gardsnamnforma. (Sjå det som er skrive om dette ovom her.) Viss det blir vedteke at gardsnamnet skal skrivast *Guddal* i offentleg samanheng, må ein rekna med at det vil svekkja bruken av den nedarva lokale uttalen. Når det gjeld skriftradisjonen, må ein kunna slå fast at han ikkje er eintydig.

Til punkt d

Dei grunneigarane som har uttala seg i saka, ønskjer skrivemåten *Guddal*. Det same gjer to av dei tre opphavlege stryningane som har uttala seg i saka. Den tredje av dei meiner namnet bør «skrivast *Gutdalen*, med t, og helst med bestemt form». I den gjennomførde høyringa er det komme inn etter måten få fråsegner, og dei gir difor ikkje grunnlag for oss til å komma nokon skikkeleg konklusjon når det gjeld spørsmålet om kva dei som bur i Stryn, meiner om gardsnamnsaka. Ein kan i alle fall slå fast at det ikkje er full semje lokalt om kva for ein skrivemåte som bør nyttast i offentleg samanheng.

Til punkt e

Sidan gardsnamnet har ein etterlekk av substantivet *dal*, er det grunnlag for å tala om ein førelekk som har skrivemåtealternativa *Gut-* og *Gud-*. Dette er då ein appellativisk namnelekk som etter alt å dømma heng saman med verbet *gyta*. Samanhengen med dette verbet, talar for at førelekken blir skriven med t. Me meiner det ikkje finst noko tolkingsalternativ som grunnlag for skrivemåten *Gud-*.

Me finn det samla sett mest tilrådeleg at førelekken i gardsnamnet blir skriven *Gut-*.

Ubunden eller bunden form

I Stryn er det SSR-registrert i alt sju gardsnamn med ein etterlekk av substantivet *dal*. I NG er fire av desse førde opp med bunden form i den lokale uttalen. Tre av dei fire namna er SSR-registrerte med den artikkellause skrivemåten *-dal* som eineform. Det gjeld namneformene *Erdal*, *Hatledal* og *Nesdal* (*Indre Nesdal*, gnr. 78, og *Ytre Nesdal*, gnr. 77). (Det fjerde aktuelle namnet er dalnamnet og gardsnamnet *Briksdalen*. Det vart vedteke 18. september 1996 at dette namnet skal skrivast *Briksdalen* i begge funksjonane. Dette namnet må seiast å ha ei særstilling; det er velkjent i heile landet på grunn av den omfattande turistferdsla som det i mange år har vore i dalen, på vegen til og frå Briksdalsbreen. Dalnamnforma *Briksdalen* har vorte svært godt innarbeidd i denne samanhengen.)

Me tilrår at det gardsnamnet det er tale om i denne saka, blir skrive med ubunden form.»

Språkrådet konkluderer med å tilrå skrivemåten *Gutdal* for gardsnamnet, og *Gutdalsberget*, *Gutdalsfjellet*, *Gutdalsøyane* og *Gutdalsvegen* for dei avleidde namna.

Innspel frå grunneigarane til tilrådinga

Åtte av grunneigarane på gard 14 sende saman med Rolv Guddal eit brev 27.12.2024 til Kartverket etter at Språkrådet hadde gjeve tilråding, der dei hadde to merknader til Språkrådet si sakshandsaming.

Dei skriv der at dei meiner at grunneigarane sine høyringssvar vart for lite vektlagt, medan dei meiner at Språkrådet la for stor vekt på Elin Hilde sitt høyringssvar. Dei peikar på at ho ikkje er busett i Stryn, og at høyringssvaret hennar ikkje kan brukast til å stø Språkrådet sin konklusjon om at det ikkje er full lokal semje om skrivemåten Guddal. Dei meiner at høyringssvaret frå seks lokale grunneigarar viser tydeleg lokal semje, og at det verkar urimeleg og urettferdig at ein utanforståande sine synspunkt vert tillagd betydeleg vekt i saka.

Grunneigarane meiner at Språkrådet brukar lovverket feil når dei viser til føresegnene i § 1 fjerde avsnitt. Dei meiner at den føresegna talar deira sak, men at det står tydeleg at den paragrafen berre kjem til bruk etter stadnamnlova § 4 andre ledd, som gjeld «samiske stadnamn». Sidan denne saka ikkje gjeld samiske namn, meiner dei at dette er ein sakshandsamingsfeil. I staden meiner dei at stadnamnforskrifta § 3, som gjeld norske stadnamn, skulle vore brukt. Dei syner til at det der står at «skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen», og dei meiner at gjeldande rettskriving tilseier *Guddal* som skrivemåte, og at det er den namneforma som er ålment kjend, både lokalt og regionalt. Dei viser elles til dei 15 punkta dei har lagt fram tidlegare som grunngeving for skrivemåten *Guddal*.

Kartverket si vurdering

Me vil her fyrst gå inn på dei to innvendingane frå grunneigarane til Språkrådet si tilråding, deretter går me inn på spørsmålet om skrivemåten.

Tilrådinga og grunneigarane sine innspel

Det ser ut til at grunneigarane har forveksla lov om stadnamn og forskrift om stadnamn når dei skriv at § 1 fjerde ledd i forskrift om stadnamn berre kjem til bruk når det er snakk om samiske stadnamn. I § 1 fyrste ledd i forskrifta står det (vår understreking): «I saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å velje [...]». I § 4 andre ledd i stadnamnlova står det fylgjande: «Har skrivemåten vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.» Derimot er det § 4 i stadnamnforskrifta som omtalar samiske namn. Kartverket konkluderer på dette grunnlaget med at Språkrådet har vist til dei rette paragrafane, og at dei ikkje har gjort sakshandsamingsfeil når dei vurderte føresegnene i § 1 fjerde ledd i forskrifta opp mot namnesaka om *Gu(d)dal/Gutdalen*. Det er tvert imot standard prosedyre for både stadnamntenesta og Kartverket å vurdere unntaksføresegna i § 4 andre ledd i stadnamnlova basert på kriteria i § 1 fjerde ledd i forskrifta når det er sterke lokale ynske om ein annan skrivemåte av stadnamn enn den som fylgjer av hovudreglane i lova, uavhengig av kva språk namnet er på.

Det går fram av § 8 tredje og fjerde ledd i lov om stadnamn kven som har uttalerett i namnesaker. Der står fylgjande:

Eigaren eller festaren har rett til å uttale seg i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn. Eigaren eller festaren har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet.

Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til.

Av privatpersonar er det soleis berre eigarar og festarar av eigedomar med det aktuelle namnet som bruksnamn som har uttalerett. Ut frå det kriteriet er det berre grunneigarane på bruk 1–7 under gard 14 i Stryn som uttalerett av dei som har uttalt seg i denne saka. Kartverket legg dette til grunn, og legg difor berre vekt på meningsytringa som står i fyrste kulepunkt under høyringssvara ovanfor. Dette høyringssvaret frå

grunneigarane legg me «særleg vekt på», jf. § 3 andre ledd i forskrift om stadnamn: «For namn på bruk skal det leggjast særleg vekt på kva slags skrivemåte eigaren ønskjer.» Dei andre høyringssvara vert ikkje vektlagde som lokale meiningsytringar, men me tek likevel omsyn til faktaopplysningane som ev. kjem fram i høyringsinnspela deira, sidan dei kan medverka positivt til å opplysa saka.

Skrivemåten av namnet på gnr. 14

Kartverket gjorde fylgjande vurdering av skrivemåten i fyrste runde av denne saka i vedtak dagsett 13.10.2023:

Gutdal har vore brukt samanhangande i kart frå 1889, medan skrivemåten har veksle mellom *Gutdalen* og *Gudal* i matriklane. Skrivemåten *Guddal* ser helst ut til å ha vore brukt som slektsnamn. Når den nedervde, lokale uttalen er /guttaliɲ/ med /tt/, gjev det i liten grad grunnlag for å gå over til ein skrivemåte med -dd-. Namnet skil seg frå namnet *Guddal* i Fjaler i og med at namnet i Fjaler i mange hundre år har vore både uttalt og skrive med -dd-, slik at den namneforma har talemålsgrunnlag i Fjaler, noko ho ikkje har her. Namnet kjem av gamalnorsk *Gautdalr*, jf. skriftformene *Gautdali* frå ca. 1230 og *Gautdal* frå ca. 1360, so skrivemåten *Gutdal*- samsvarar òg betre med det etymologiske opphavet til namnet. Ettersom *Gutdal* i ubunden form har so sterk skrifttradisjon frå gammalt av og fram til i dag, er det rom for å koma lokale ynske delvis i møte og fastsetja endinga -dal utan -en, jf. gardsnamna *Nesdal* og *Hatledal*, som òg fylgjer skrifttradisjonen heller enn nedervd uttale når det gjeld bunden/ubunden form. *Gutdal* vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

Fyrsteutgåva av økonomisk kartverk (ØK) for staden der gnr. 14 ligg, er ikkje georeferert, og bruken av skrivemåten *Guddal* i fyrstegongs ØK var ikkje kjend for oss og difor ikkje nemnd i det opphavlege vedtaket om *Gutdal*. I søknaden om gjenopning peikte grunneigarane òg på at skrivemåten *Guddal* hadde vore brukt på vegskilt på staden i nesten 30 år, og på at grunneigar Vivian Guddal ikkje fekk varsel om vedtaket før klagefristen var gått ut. Kartverket gjenopna namnesaka på dette grunnlaget, og saka gjekk ut på ny høyring. Kartverket har i denne runden gått nøgnare gjennom skrifttradisjonen i offentleg bruk enn sist, og det har kome inn fleire innspel frå grunneigarane enn ved fyrste handsaming som kan nyttast som del av vurderingsgrunnlaget.

Språkrådet har rett i at det er skrivemåten *Gutdalen* som er best i samsvar med hovudregelen for normering i § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn, som fastset at «det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn [skal] takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk». Namnet har ein uttale med -tt- og bunden form i den nedervde, lokale uttalen, noko som normalt ville tilseia *Gutdalen* som skrivemåte, slik det står t.d. i *Norske Gaardnavne* og i dei to matriklane frå 1886 og 1906. Basert på språkfaglege vurderingar åleine er *Gutdalen* soleis den skrivemåten som samsvarar best med både den nedervde lokale uttalen (i nominativ) og med det regelverket som gjeld for normering av norske stadnamn. Når Kartverket likevel vedtok *Gutdal*, var det basert på ein sterk skrifttradisjon i kart og eit forsøk på å koma lokale ynske om *Guddal* delvis i møte.

Det ser likevel ut til at folk på garden i liten grad identifiserer seg med skrivemåten *Gutdal*, og at det er *Guddal* som har vore gjengs å bruka i skrift, iallfall i nyare tid. Utgreiinga frå Kristian Solvang i 2018 og 2020 ser òg ut til å leggja til grunn at det er «Guddal som er skrivemåten», jamvel om *Gutdal* stod som skrivemåte i offentlege kart og i Sentralt stadnamnregister (SSR) den gongen òg. Kombinasjonen av vegskilt og at folk frå garden har *Guddal* som slektsnamn kan nok verka sterkt til å forma eit slikt inntrykk.

I denne gjenopna saka må Kartverket vurdere om det er tilstrekkeleg grunnlag for å kunna gjera unntak frå hovudregelen i § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn på grunnlag av dei nye opplysningane som er komne fram i samband med gjenopninga og den nye høyringsrunden i saka. Som det går fram av Språkrådet si tilråding, må den avgjerda baserast på dei kriterium som står i § 1 fjerde ledd i forskrift om stadnamn, jf. § 4 andre ledd i lova.

Som det går fram i tilrådinga frå Språkrådet ovanfor, er det fyrste punktet som må vurderast i § 1 fjerde ledd «om skrivemåten kan medverke til at meningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram». I Norske Gaardnavne står det at førelekken i *Gutdalen* neppe kjem av eit elvenamn, men at det kanskje kan koma av eit udokumentert samnamn **gaut* f., her kanskje med tydinga ‘flaum’, og som kan hanga saman med verbet *gjóta* ‘gyta, fløyma opp’. Segna som er attgjeven i fylkesleksikonet set førelekken i samanheng med eit mannsnamn *Gaute*. Konklusjonen her må vera at me ikkje kan vita sikkert kva meningsinnhaldet er for førelekken i dette namnet, og at dette punktet difor ikkje kan tilleggast serleg vekt, korkje som argument for *Gutdal(en)* eller for *Guddal*, jamvel om *Gut-* ligg nærmast opphavsforma *Gaut-*. Spørsmålet om skrivemåten i ubunden form *-dal* eller bunden form *-dalen* verkar heller ikkje inn på kor klart meningsinnhaldet i namnet kjem fram.

Det andre punktet ein skal vurderer ved ev. bruk av unntaksregelen er «om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet». Kartverket deler Språkrådet si vurdering av at uttalemåten *Guddal* er skriftpåverka av slektsnamnet, og at ein skrivemåte *Guddal* vil kunna svekkja den nedervde, lokale uttalen /gut(t)a:’lin̩/ eller /gu`t(t)a:’len/ (i dativ: /gu`t(t)a:’la/). Dette punktet tilseier soleis *Gutdalen* som skrivemåte, medan både skrivemåtane *Gutdal* og (i størst grad) *Guddal* kan medverke til å endra lokal uttale på kort eller lang sikt.

Det tredje punktet å sjå på dersom ein vurderer å ta i bruk unntaksregelen, er «kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har på namneobjektet». Skriftradisjonen for dette gardsnamnet er meir kompleks enn det som kom fram i det opphavlege vedtaket. Over dei siste 150 åra ser både *Gutdal*, *Gutdalen*, *Gudal* og *Guddal* ut til å ha vore brukt ein god del, men dei siste 40–50 åra ser *Guddal* ut til å ha teke sterkare over enn i tida før, jf. bruken i kjelder som t.d. vegskilt, økonomisk kartverk, private kartutgjevingar, bygdebøkene som vart gjevne ut på 1970-talet osv. Merknaden «vanl. skr. Guddal» i heradsregisteret frå 1946 kan tyda på at *Guddal* faktisk har vore den vanlegaste skrivemåten i lokalmiljøet ein god del lenger enn dette, iallfall dei siste 80 åra. Nokon eintydig skriftradisjon har ikkje dette namnet, jf. den meir enn hundre år lange bruken av *Gutdal* i kart, men lokalt ser det ut til at *Guddal* har dominert i lengre tid, ikkje berre som slektsnamn, og dette punktet i forskrifta må difor seiast å gå mest i favør av *Guddal* som skrivemåte.

Det siste punktet å vurderer i forskrifta (for norske namn) er «kor stor semje det er om skrivemåten lokalt». Alle som har uttalt seg med høyringssvar i denne saka, og som er busette i Stryn, har teke til orde for *Guddal* som skrivemåte. Kartverket meiner at det må liggja i «semje [...] lokalt» at dei som uttalar seg, må vera busette i Stryn eller vera grunneigar av bruk som heiter *Gu(d)dal/Gutdal(en)* på den aktuelle garden, og at det ikkje er nok at dei tidlegare har vore busette i Stryn. Kartverket vurderer difor at dette punktet går i favør av skrivemåten *Guddal*. Dette vert forsterka av at alle grunneigarane som har uttalt seg i saka, går inn for *Guddal* som skrivemåte. I § 3 andre ledd i forskrift om stadnamn står det fylgjande: «For namn på bruk skal det leggast særleg vekt på kva slags skrivemåte eigaren ønskjer.»

Oppsummert fell det fyrste punktet i § 4 fjerde ledd i forskrifta bort som relevant kriterium i denne saka, medan det andre punktet går i favør av *Gutdalen* (eller delvis *Gutdal*), og det tredje og fjerde punktet tilseier i størst grad *Guddal* som skrivemåte. Basert på dette og § 1 femte ledd i forskrifta vurderer Kartverket at det er grunnlag for å koma grunneigarane i møte i denne saka og fastsetja skrivemåten *Guddal*, slik andre innbyggjarar, lokalavisa og ulike organ for kommunen òg har teke til orde for.

Kartverket fastset *Guddal* som skrivemåte av namnet på gard 14 og tilhøyrande bruk 1–7 på grunnlag av § 4 andre ledd i lov om stadnamn og § 1 fjerde og femte ledd i forskrift om stadnamn. *Guddals-* vert fastsett som skrivemåte av avleidde namn.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet, jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Kommunen skal senda melding om vedtak som gjeld skrivemåten av bruksnamn direkte til eigarane av bruket.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, i matrikkelen, skøyte e.l.). I so fall må eigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan òg for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR vert oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Dersom vedtaket vert påklaga, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonssjef

Erlend Trones
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET
 STATENS VEGVESEN